



Til heimelshavarar
Jfr adresseliste

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2223 - 14/25292

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2014

Vedtak om adresse - Kanalvegen - Lindås senter - Lindås

Administrativt vedtak. Saknr:

Lindås kommune endrar adressesystem, og vi syner til vedlagte «Felles adresseforskrift for kommunane i region Nordhordland og Gulen» som klargjer m.a bakgrunnen for og utforming av adressesystemet.

Det er gjort vedtakt i saka, jfr. Tabell avslutningsvis i dette brevet. Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i matrikkellova og felles adresseforskrift for kommunane i region Nordhordland og Gulen, godkjent i Lindås kommunestyre 10. mars 2011.

Vedlagt følgjer eit kart som syner nummereringa av adressene i området. For eigedom med fleire adresser er det lagt til eit forklarande tillegg til den einskilde adressa.

Etter § 46 – punkt F i matrikkellova kan eigar klaga på tildeling av adresse; dvs. det kan klagast på kva veg ein har fått adressenummer til. Dertil kan det klagast på fastsettinga av sjølve nummeret.

Det kan ikkje klagast på kommunen sitt val av adressenam eller skrivemåten av namnet.

Skulle De ha spørsmål knytt til opplysningane om tildeling av adresse vert De beden om å kontakta sakshandsamaren.

Kontaktpersonar:

| | | |
|-------------------|----------------|--------------|
| Fagleiar geodata | Tommy Veland | tlf 56375640 |
| Rådgjevar geodata | Harald Solheim | tlf 56375636 |



VEDTAK

Lindås kommune har i samsvar med gjeldane adresseforskrift for region Nordhordland og Gulen av 01.03.2011 gjort følgjane adressesetildeling:

| GNR | BNR | VEGNAMN | TILDELT HUSNUMMER | BOKSTAV |
|-----|-----|---------|----------------------|---------|
|-----|-----|---------|----------------------|---------|

Sjå vedlagte adresseliste.

Med helsing

Tommy Veland

Harald Solheim

Fagleiar geodata

Rådgeivar geodata

Vedlegg:

- 1 Kart med påført adressenummer
- 2 Adresseforskrift av 01.03.2011 – Nordhordland og Gulen - § 5 utforming og plassering av adresseskilt
- 3 Melding om rett til å klaga

